



BJØRKELIA - HAUKALIVATNET

FORSAND KOMMUNE

FAKTA

Lengde: Rundtur på ca. 1 time.

Passar for: Familietur

Parkering: God plass ved kulturhuset

Kartblad: 1212 I: Høle

Verd å merka seg:

Turen er ein merka natursti som går over innmark og gjennom plantefelt. Det er difor viktig å fylgja den merka stien og ikkje forstyrre dyra på beitet.




Foto: Roy Mangersnes

OM TUREN

Frå Forsand kulturhus må ein fylgja vegen mot Haukali forbi fortidslandsbyen Landa, før ein går over gjerdeklyvaren mot venstre. Derfrå går stien oppover ein relativt bratt bakke mot eit plantefelt. Rett før ein går inn i plantefeltet må ein få med seg den flotte utsikten mot Rettedal og Forsandmoen.

Vel gjennom plantefeltet kjem ein inn på ein traktorveg som tar ein med ned mot Hauklivatnet. Det siste stykket før vatnet går gjennom ein liten, men fin edelauvskog med mykje eik og noko hassel.

På kanten av Esmark-morenen har ein flott utsyn innover til Haukali, og her kan ein tydeleg sjå korleis vatnet er demma opp av denne enorme sandhaugen. Ved vassbredda er det fint å rasta.

Turen tilbake fylgjer traktorveg over morenen og vidare langs beitemarka. Før vegen svingar mot Rettedal, må ein passere over bekken og gå i

kanten på beitet tilbake til vegen.

Historie og natur

Undervegs kan ein få masse spanande informasjon om biologi og geologi knytt til området ein vandrar gjennom. Spesielt spanande er det å lesa om opphavet til Esmarkmorenen, Hauklivatnet og om korleis dette danna grunnlaget for den skandinaviske istidsteorien.

Det er og spanande å vandra i ein slik mosaikk av naturtypar som ein finn på denne turen: frå innmarksbeite, via plantefelt til edelauvskog og ferskvatn. Her er mykje spanande både å sjå og læra. Med andre ord ein flott familietur!



